

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	02.02.2022
Vår referanse	2022/7812-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

Vedk. dispensasjon frå kommuneplan - gnr 357 bnr 8 - Riving og oppføring av våningshus Sætre- Alver kommune

Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi ber om at kulturavdelinga i Alver kommune blir kopla når det gjeld vurdering av våningshuset som skal rivast. Vi vil påpeike at ivaretaking av eksisterande bygningar er noko som bør vere i fokus, ikkje berre utifrå eit verneperspektiv men også utifrå eit klimaperspektiv. Vi har elles ingen innvendingar i saken, då kulturminne av regional interesse ikkje blir råka av tiltaket.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)**Berit Vik**
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*